

November 2017

1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til avskrivning	124 566	125 699	-1 133	1 207 550	1 220 009	-12 459
Kvalitetsbasert finansiering	1 133	-	1 133	12 459	-	12 459
ISF eigne pasientar	3 011	3 402	-391	34 418	34 771	-354
Andre øyremerka tilskot	1 681	1 791	-110	19 378	19 701	-323
Andre driftsinntekter	191		191	519		519
Sum driftsinntekter	130 581	130 891	-310	1 274 324	1 274 482	-157
Kjøp av offentlege helsetenester	14 526	17 340	-2 814	86 562	87 622	-1 059
Kjøp av private helsetenester	282	932	-651	3 407	10 257	-6 850
Fastløn	0	167	-167	-0	1 833	-1 833
Varekjøp	-	-0	0	-81	-0	-81
Pensjonskostnad	-1 650	-1 650	0	-17 398	-18 150	752
Avskrivningar	6 546	6 583	-37	67 836	69 413	-1 577
Andre driftskostnader	-944	391	-1 336	1 066	4 303	-3 237
Sum driftskostnader	18 758	23 763	-5 005	141 392	155 278	-13 886
Driftsresultat	111 823	107 128	4 695	1 132 932	1 119 204	13 728
Finansinntekter	103	117	-13	1 102	1 283	-181
Finanskostnader	95	410	-315	1 476	4 580	-3 103
Finansresultat	8	-293	302	-375	-3 296	2 922
Ordinært resultat	111 831	106 835	4 997	1 132 558	1 115 908	16 650

Inntekter

Basisramma er no avstemt. Som tidlegare månader er det ført inntekter for kvalitetsbasert finansiering og tilsvarende lågare inntekter for basisramme. Vidare er det noko lågare inntekter frå gjestepasientar.

Kostnader

Når det gjeld driftskostnader er dei justert for eksterne kostnader som vert fakturert oss i ettertid. Mellom anna gjeld dette gjestepasientar, fritt behandlingsval og kostnader til andre pasientrettar. Særleg har vi lågare kostnader til behandling av våre pasientar i Helse Bergen. Dei største kostnadene er budsjettert med effekt seinare i år. Nedgangen til no svarar til i underkant av 600 DRG-poeng. Rentekostnadene er så langt lågare enn venta.

2.0 Stab og støtte

ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	10 795	10 632	163	109 722	105 762	3 960
Øymerka tilskot "Raskare tilbake"	29	37	-9	187	383	-196
Andre øymerka tilskot	32	187	-155	3 569	2 059	1 510
Andre driftsinntekter	7 658	7 063	595	66 548	73 735	-7 187
Sum driftsinntekter	18 514	17 920	594	180 026	181 940	-1 914
Kjøp av offentlege helsetenester	20	77	-57	89	844	-755
Kjøp av private helsetenester		3	-3	-	36	-36
Varekostnader	1 583	1 634	-51	17 614	18 014	-400
Løn til fast tilsette	16 919	16 424	495	163 745	163 398	347
Overtid og ekstrahjelp	328	299	29	3 180	3 028	152
Pensjonskostnad	3 943	3 926	17	42 830	42 813	17
Offentlege tilskot og refusjonar	-1 013	-459	-554	-7 272	-5 044	-2 228
Anna løn	2 792	2 730	62	24 865	26 649	-1 784
Andre driftskostnader	29 375	32 079	-2 704	319 651	336 103	-16 452
Sum driftskostnader	53 948	56 714	-2 766	564 705	585 840	-21 135
Driftsresultat	-35 434	-38 794	3 360	-384 679	-403 900	19 222


Stab og støtte har eit positivt avvik frå budsjett på 3,4 millionar denne månaden. Det positive avviket kjem frå pasienttransport, 3,3 millionar. Bruk av overtid og ekstrahjelp i stab og støtte er som budsjettert denne månaden.

Akkumulert

Akkumulert har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 19,2 millionar. Driftsinntektene er 1,9 millionar lågare enn budsjett, medan driftskostnadene er 21,1 millionar lågare enn budsjett. Pasienttransport utgjer til no 15,0 millionar av det positive avviket. Bruk av overtid og ekstrahjelp er 152 000 kroner høgare enn budsjettert, samla på lønsområdet har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 3,5 millionar.


PERSONELL

Medarbeidarar:



Det er i registrert 383 brutto månadsverk, som er 22 fleire enn i same periode i 2016. Netto månadsverk er 359, som er 23 fleire enn for eitt år sidan.

Sjukefråvær:



Stab og støtte har hatt eit registrert sjukefråvær på 5,2 prosent i oktober, mot 5,9 prosent same månad i 2016. Vi har over tid hatt stort fokus på at det er viktig med systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.